

Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

## Eingongskostnadar - samanslåingsprosessen for Vestland fylkeskommune

### Innleiing

Det vert synt til brev frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Her vert det vist til at det i august 2017 vart tildelt 30 mill. kr som skulle nyttast til samanslåingsprosessen mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. I brevet vert det bede om at Vestland fylkeskommune gjev ein kortfatta rapportering om korleis dei tildelte eingongsmidlane er brukt.

Under er det i overordna trekk gjort greie for korleis tildelte midlar er brukt innanfor dei ulike budsjettpostane. Kostnadane innanfor dei ulike budsjettpostane er meirbehov i form av eingongskostnadar på grunn av samanslåingsprosessen.

### Ulike typar eingongskostnadar

Fellesnemnda for det nye fylke vedtok i møte 18. desember 2017 prinsipp for bruk av tilskotsmidlar ved samanslåinga. Med bakgrunn i dei vedtekne prinsippa vart det sett opp eit budsjett for identifiserte behov på følgjande område;

#### Nytt fylkesvåpen

Denne budsjettposten dreier seg om kostnadar rundt utarbeiding av eit nytt fylkesvåpen for Vestland, og i dette arbeidet er det mellom anna gjort bruk av fotograf, innleigd konsulent, premiar etter konkurransar og fysisk utarbeiding.

#### Rekruttering prosjektleiar/ fylkesrådmann / andre leiarstillingar

Det vart brukt innkjøpte tenester i prosessane rundt rekruttering av stillingane som det var viktigast å få på plass. I fyrste rekke var det viktig å få på plass ein prosjektleiar for samanslåinga. Deretter vart det rekruttert til dei fremste leiarstillingane i det nye fylket.

#### Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk nivå)

Det var i samanslåingsperioden trøng for ein del ekstra politisk møteverksemd. Sentralt i prosessen var gjennomføringa av møte i den oppnemnde fellesnemnda som skulle leie prosessen. Det vart brukt midlar på opphold, reise, bevertning, lokale og annonsering.

#### Kommunikasjonstiltak

I samanslåingsprosessen vart det sett av budsjettmidlar til utarbeiding av nye skilt for det nye fylket. Spesifikt var det trøng for kjøpte tenester i høve til ny grafisk profil og ulike webtenester.

#### Konsulenttenester

I samanslåingsprosessen var det, utover monaleg eigen innsats frå organisasjonane i dei to eksisterande fylka, også trøng for ein del konsulenttenester. Dei innkjøpte ressursane vart gjort bruk av på mange område i prosessen; dei var særskilt sentrale på IT- området og HR- området.

#### Løn og sosiale kostnadar prosjektleiing

I prosjektperioden fram til samanslåinga var det behov for å etablere ei prosjektleiing, og budsjettposten skulle dekke kostnadane rundt dette; løn og sosiale kostnadar til prosjektleiar, reisekostnadar og noko prosjektstøtte.

#### IKT- system; modifisering og innkjøp

Den største budsjettposten i samanslåingsprosessen gjekk til ny IT- infrastruktur i Vestland. Delprosjekta på dette området hadde ansvar for å få på plass kritiske IT- system i det nye fylket; internett og intranett i Vestland, løn- og personalsystem, økonomisystem, sak- arkivsystem og mange andre IT- system.

#### Politiske verksemnd / partistøtte

Denne posten dreier seg om ekstra støtte til dei politiske partia for å dekke eventuelle ekstrakostnadar i samanslåingsprosessen.

#### Andre tiltak

På dette området vart det budsjettert kostnadar som ikkje fell inn under dei andre områda. Dette dreier seg mellom anna om behov for eingongsmidlar innan arkiv, friluftsliv, regional planstrategi.

### **Forbruk av eingongskostnadar på dei ulike områda**

#### Samla forbruk eingongskostnadar

Under er det sett opp ein oppstilling som syner samla forbruk på dei ulike kategoriane av eingongskostnadar. Det samla forbruket for åra 2018, 2019 og 2020 var på 88,7 mill. kr. Nesten 2/3- delar, 64 %, av det totale forbruket dreier seg om kostnadar knytt til innkjøp og modifisering av IKT- system.

#### Forbruk 2018

Det går fram av rekneskapen at det vart brukt 25 mill. kr på eingongskostnadar i 2018. Størstedelen vart brukt på IKT- system, 16,3 mill.kr. I tillegg er det brukt 3,1 mill. kr på innkjøpte konsulenttenester; i hovudsak i samband med dei ulike delprosjekta i samanslåingsprosessen. Det vart også brukt 2,0 mill. kr på politisk møteverksemnd. Rekrutteringa av dei nye leiarane i Vestland var i gang for fullt, og det vart brukt 1,4 mill. kr på rekrutteringsprosessar.

#### Forbruk 2019

Rekneskapen syner at forbruket av eingongskostnadar var størst i 2019; 48,4 mill. kr. IKT stod for størstedelen av det som vart brukt, 26,7 mill. kr, men forbruket av konsulenttenester, 8,2 mill. kr, kommunikasjonstiltak, 3,5 mill. kr, og politisk møteverksemnd, 3,4 mill. kr, var også betydeleg. Dei 2,2 mill. kr til andre tiltak i 2019 er i hovudsak knytt til arkivkostnadar, og noko til ny regional planstrategi.

#### Forbruk 2020

Det synte seg at det var behov for midlar også i 2020; og då i hovudsak IT- midlar. Delar av dette forbruket skuldast dels forseinkingar i leveransar, og dels avsluttande arbeid på tidlegare påbegynte prosjekt og tiltak. Av totalt 15,4 mill. kr i 2020 er 13,7 mill. kr knytt til modifisering og innkjøp av IKT- system. Dei resterande 1,7 mill. kr dreier seg om forbruk på områda for konsulenttenester, politisk møteverksemnd og kommunikasjonstiltak.

Område/ tiltak	Forbruk 2018	Forbruk 2019	Forbruk 2020	Forbruk 2018- 2020
<b>Nytt fylkesvåpen</b>	130 000	482 382		612 382
<b>Rekruttering prosjektleiar/ fylkrådm. /andre leiarstillingar</b>	1 431 000	669 895		2 100 895
<b>Kurs, samlingar, møteverksemnd (politisk nivå)</b>	1 950 000	3 442 236	211 876	5 604 112
<b>Kommunikasjonstiltak</b>	51 000	3 544 578	435 736	4 031 314
<b>Konsulenttenester</b>	3 080 000	8 174 281	904 092	12 158 373
<b>Løn og sos. kostnadar prosjektleiing</b>	1 417 000	2 585 828		4 002 828
<b>IKT- system/ mod. og innkjøp</b>	16 273 000	26 690 286	13 683 020	56 646 306
<b>Politisk verksemnd/ partistøtte</b>	668 000	562 500		1 230 500
<b>Andre tiltak</b>	-	2 207 822	132 327	2 340 149
<b>Totalt forbruk</b>	<b>25 000 000</b>	<b>48 359 808</b>	<b>15 367 051</b>	<b>88 726 859</b>

### **Budsjettbehov og finansiering**

Det vart tidleg klart at dei tildelte statlege midlane ikkje ville dekke omfanget av eingongskostnadane i samanslåingsprosessen mellom dei tidlegare fylka Hordaland og Sogn og Fjordane. Etter 2018 var det allereie brukt 25 mill.kr, og det vart difor trøng for å løyva eigne fylkeskommunale midlar til samanslåinga.

I 2018 vart det laga eit samla budsjett for alle eingongskostnadane med tilhøyrande finansiering. Det vart identifisert eit samla budsjettbehov på 86,9 mill. kr fordelt på kategoriane som er lista opp over. Dei 86,9 mill. kr skulle dekkast inn med tildelte statlege midlar, og elles ei slik fordeling av kostnadane mellom dei to eksisterande fylka; Hordaland - 60 % og Sogn og Fjordane - 40 %.

Når rekneskapen for eingongskostnadane var gjort opp i 2020 enda det totale forbruket på 88,7, medan dei budsjetterte midlane altså var på 86,9 mill. kr. Det budsjettmessige meirforbruket på 1,8 mill. kr vart belasta rekneskapen til det nye fylket i 2020.

### **Andre kostnadane ved samanslåinga**

Det er å poengtene at kostnadane som dannar grunnlaget for tala i denne saka, og som det statlege tilskotet har vore med og dekka, berre er ein del av kostnadane prosessen med samanslåing av fylka har medført. Utover dei definerte eingongskostnadane som er gjennomgått, har prosessen kravd store ressursar i dei to gamle fylka i 2018 og 2019, og i det nye fylket i 2020. Dette gjeld m.a. reise- og møteverksem og i tillegg har bruken av interne ressursar og diverse frikjøp i prosessen vore omfattande. Store delar av organisasjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore involvert, og det er bruk til og ressursar på samanslåinga. Storleiken på denne ressursbruken er ikkje talfesta då den i stor grad har inngått som del av den daglege drifta. Det er å anta at ei talfesting av denne innsatsen ville synt ein monaleg kostnad.

### **Oppsummering**

Rekneskapen syner eit samla forbruk av eingongskostnadane på 88,7 mill. kr for åra 2018 til og med 2020. 30 mill. kr i statleg tilskot har vore del av finansieringa av dette forbruket.

I tillegg vart det gjort løyingar av fylkeskommunale midlar i dei gamle fylka. Det nye fylket fekk rekneskapsført eit budsjettmessig underskot for desse midlane på 1,8 mill. kr i 2020. Til sist er det eit vesentleg poeng at dei to gamle fylka og det samanslåtte nye fylke har hatt betydelege kostnadane ved samanslåingsprosessen utover desse definerte eingongskostnadane.

### **Med helsing**

Rune Haugsdal  
Fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Avdelingsdirektør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*